

Verdiane blæs vekk

Vindkrafta legg att lite verdiar lokalt. Kommunar har ingen grunn til å seie ja til vindkraftutbygging i dag, meiner økonomiprofessor Øivind Anti Nilsen.

VINDKRAFT

EVA AALBERG UNDEHEIM
eva@dagogtid.no

Lønsemda i vindkraftbransjen har gått opp dei siste åra. Straumprisane har – inntil i år – vore høge, og vindkraftteknologien har gått gjennom ei stor utvikling, slik at investeringskostnadene har gått ned.

Medan ein vindturbin på land kosta rundt 15 millionar kroner per megawatt i 2009, var kostnaden halvert, til mellom 7 og 8 millionar kroner per megawatt, i 2019. Det går fram av ein rapport Thema Consulting Group har laga på oppdrag frå Norwea, interesse- og bransjeorganisasjonen som arbeider for å fremje norsk fornybar energiproduksjon.

I tillegg har ordninga med grøne sertifikat sikra vindkraftinvestorar ei stabil avkastning.

Statnett skriv i langtidsanalysen for kraftmarknaden frå 2018 til 2020 at det kjem til å vere lønnsamt å byggje vindkraft i Noreg dei neste ti åra òg, utan subsidiar. Og ifølgje Olje- og energidepartementet kjem vindkraft framover til å vere den kjelda til fornybar energi som er rimelegast å byggje ut.

For Noregs største private utbyggjar av vindkraft har utbygginga alt teke til å løne seg. Selskapet Norsk Vind Energi hadde i 2018 eit resultat før skatt på over 300 millionar kroner. Derimot er det stor misnøye med kva vindkraftutbygginga så langt har lagt att av verdiar lokalt. Det går fram av innspela Olje- og energidepartementet har fått til arbeidet med ei ny stortingsmelding om konsesjonssystemet for vindkraft på land.

VIL HA MEIR ATT LOKALT

Vindkraftverka betaler i dag verken grunnrenteskatt til staten, naturressursskatt til kommunar og fylkeskommunar eller konsesjonsavgift, slik vasskraftverka gjer. Det vindkrafta legg att nasjonalt og lokalt, er selskapsskatt av

overskot og eigedomsskatt.

Vindkrafta er heller ikkje underlagd same eigarskapsrestriksjonar som vasskrafta. Mindre enn halvparten av vindkrafta er i dag offentleg eigd, medan den utanlandske eigarskapen er på heile 49,2 prosent og aukande. Det går fram av rapporten frå kraftskatteutvalet frå i fjor haust, som tilrådde regjeringa å vurdere å innføre grunnrenteskatt og naturressursskatt for vindkraftverk.

Vindkraftbransjen og interesseorganisasjonane deira, så vel som grunneigarforeiningar, kraftkommunar og kommuneorganisasjonen KS, meiner òg at regjeringa i arbeidet med å betre konsesjonssystemet for vindkraft på land må sjå på både skatteendringar og andre tiltak, for å sikre at meir av ressursane frå vindkraftutbygginga vert liggjande att lokalt, regionalt og nasjonalt.

KOMPENSASJON

– Konsesjonar bør sjåast i samheng med rammevilkåra for kommunane. Meir må liggje att lokalt som kompensasjon for ulemper og bruk av naturressursar.



– Det er vanskeleg å sjå sporbare økonomiske effektar av vindkraft lokalt.

Øivind Anti Nilsen, professor ved Norges Handelshøgskole

Det sa administrerande direktør Øyvind Isachsen i Norwea, under innspelsmøtet Olje- og energidepartementet arrangerte om konsesjonssystemet for vindkraft på land for nokre veker

sidan.

Saman med arbeidsgjevar- og interesseorganisasjonen Energi Norge, som representerer over 300 bedrifter i kraftbransjen, jobbar Norwea no med eit forslag til ein skatte- og avgiftsmodell dei vil føreslå for departementet.

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar og KS ønskjer òg eit nytt skatteregime, medan Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) meiner det i tillegg trengst både kompensasjonsordningar for kommunar med vindkraft og rett til medeigarskap i anlegga, slik enkelte andre europeiske land har innført.

– FOR STOR RISIKO

Lokal eigarskap er det nemleg òg lite av i dei norske vindkraftverka. Norske kommunar og fylkeskommunar eig i underkant av 20 prosent av vindkraftproduksjonen i dag, og den norske private eigarskapen er avgrensa til 7,7 prosent, ifølgje kraftskatteutvalet.

Selskapet Solvind Prosjekt AS, som utviklar, byggjer og driv vindkraftverk i Rogaland og oppover på Sørvestlandet, har gjort fleire

forsøk på å få inn meir lokal eigarskap i prosjekta sine. Det seier Jan Thiessen, som er dagleg leiar i selskapet.

– Frå Danmark, Tyskland og hjå naboane våre i Sverige, veit vi at vindkraftutbygginga har skjedd frå grasrota. Der snakkar ein om borgareigde vindkraftparker. I starten prøvde vi å få til noko liknande i Noreg, men det har ikkje vore lett. Elsertifikatmarknaden og svingande prisar, gjer at risikoen for små private eigarar har vore for stor. Men vi jobbar framleis for å leggje til rette for lokal eigarskap og ser at tida modnar for dette no, seier han.

I eit av vindkraftverka Solvind Prosjekt AS har utvikla, på Åsen i Time kommune i Rogaland, har grunneigaren òg kjøpt seg inn. Gardbrukar Torbjørn Åsen eig 15 prosent av dei to vindturbinane

Bakgrunn

BRYTINGSTID FOR VINDKRAFTA. DEL 4

■ Utbygginga av vindkraft har hatt sterk politisk medvind i Noreg, og det er så langt gjeve konsesjon til over 80 vindkraftprosjekt på land. Samstundes aukar motstanden frå både lokalmiljø, naturvernarar og statlege og regionale kontrollorgan.

■ Dag og Tid ser i ein serie artiklar nærare på den norske vindkraftsatsinga og brytingstida ho er i no.

■ Artikkelserien har fått støtte frå Fritt Ord.

som i dag produserer nok straum til rundt 230 bustader. Så langt har han ikkje tent noko på eigarskapen. Det han tener litt på, er årsleiga for å ha vindturbinane på eigedomen, som gjev han ein liten prosent av produksjonen.

– Alt har ikkje utvikla seg slik vi såg føre oss då vi byrja, særleg ikkje no når energiforbruket og prisane går ned, seier han.

KJENNER SEG LURTE

Det finst òg dei som meiner at vindkraftverka som er etablerte så langt, ikkje har levert som forventa.

Farsund-ordfører Arnt Abrahamson (Ap) seier kommunepolitikarane trudde kommunen skulle få meir att for å seie ja til Lista vindkraftverk enn det han har fått. Det gjeld både permanente arbeidsplassar og skatteinntekter.

I konsesjonssøknaden frå 2005 skriv utbyggjaren av vindkraftverket at rundt 20 prosent av investeringane, eller om lag 165 millionar kroner, kunne leggjast att i regionale varer og tenester, og at vindmølleparken i byggjefasen kunne sysselsetje minst 180 årsverk.

– Det er nokre få positive element ved vindkraftverket. Vi har fått vegar i eit område som var lite tilgjengeleg før, og ein del firma i distriktet var engasjerte i anleggsfasen, men det vart ikkje snakk om så mange årsverk som dei sa. Kommunen trudde òg at det ville kome fleire varige arbeidsplassar, og at skatteinntektene skulle vere større. I tillegg har vindparken synt seg å innebere mykje større ulemper enn det vart sagt i form av støy og naturødeleggingar, så økonomien er berre ein del av misnøya. Vi ville aldri gått inn for ein slik konsesjon i dag, seier

Abrahamson.

Fred Olsen Renewables, som eig Lista vindkraftverk, har på dagars varsel ikkje hatt høve til å svare på spørsmål frå Dag og Tid om kva verdiar dei meiner Lista vindkraftverk og andre vindkraftverk selskapet eig i Noreg, legg att lokalt og regionalt.

Grunneigar Rune Kroslid i Farsund kjenner seg òg lurt. Han var fyrst positiv til vindkraftverket som skulle kome, men seier anlegget som vart bygd, var langt meir øydeleggjande for terreng, natur og biologisk mangfald enn førespegla, utan at verken NVE eller andre styresmakter såg grunn til å reagere på det.

Ifølgje Lillesand-Posten er det totalt 60 grunneigarar innanfor konsesjonsområdet på Lista. Saman får dei 0,8 prosent av den selde krafta i kompensasjon. Trass i kompensasjonen skulle Kroslid gjerne vore vindkraftverket forutan.

– Øydeleggjinga av miljø og natur kan ikkje kompenseresast med pengar. Eg trur ikkje ein høgare sum på Lista ville hatt mykje å seie for motstanden i dag, men det ville vore meir rettvis om kommunen fekk att meir pengar for belastinga vindkraftverket medfører, seier han.

– SER INGEN EFFEKT

(NHH), har forska på lokale økonomiske effektar av vindkraftutbygging og meiner mange har vorte presenterte for reine eventyrforteljingar om kva fordelane kan verte lokalt.

Saman med Nils May frå German Institute for Economic Research gjennomførte Nilsen i 2015 ein studie av tyske kommunar som han meiner kan overføre til norske forhold.

– Både utbyggjarar og kommunepolitikarar har sagt at vindkraft er superlønnsamt og gjev mange arbeidsplassar lokalt. Konklusjonane våre er at det ikkje stemmer. Vi finn ikkje spor av at vindkraftutbygging er gunstig lokalt, verken når det gjeld verdiskaping og kva som vert att i regionen i form av arbeidsplassar, eller i gjennomsnittleg inntekter per innbyggjar. Det gjeld både på kort sikt, i anleggsfasen, og på lang sikt. Same kor vi vrir og vender på det, er det vanskeleg å sjå sporbare økonomiske effektar av vindkraft lokalt.

– Men vindkrafta betalar eigedomsskatt og selskapsskatt.

– Ja, men skatteloven har gjort det svært gunstig for selskapa med avskrivningar, så dei genererer nesten ikkje overskot å skatte av dei fyrste åra. Og mange selskap dreg nytte av å vere eigde internasjonalt, slik at

Bakgrunn

VINDKRAFT LOKALT

■ Vindkraftverka betaler i dag verken grunnrenteskatt til staten, naturressursskatt til kommunar og fylkeskommunar eller konsesjonsavgift, slik vasskraftverka gjer.

■ Det vindkrafta legg att nasjonalt og lokalt, er selskapsskatt av overskot og eigedomsskatt, i tillegg til det grunneigarane får betalt for leige av eigedom.

■ Kraftskatteutvalet har tilrådd regjeringa å vurdere innføring av grunnrenteskatt og naturressursskatt for vindkraftverk.

■ Regjeringa har varsla ei stortingsmelding om vindkraft på land innan sommaren.



Mindre enn halvparten av vindkrafta er i dag offentlig eigd, medan den utanlandske eigarskapen er på heile 49,2 prosent og aukande. Foto: Jan Kåre Ness / NTB scanpix

det skattbare overskotet i Noreg vert så lite som mogleg. Dei kan til dømes betale høge renter til utanlandske morselskap. At dei har det gunstig skattemessig, syner køen av utlandske interessantar, seier han.

25 MILLIARDAR I SKATT

Heilt svart er biletet likevel ikkje. Ifølgje Norwea kjem vindkraftverka som vert sette i drift i Noreg mellom 2016 og 2021, til å betale rundt 25 milliardar kroner samla i selskapsskatt og eigedomsskatt dei neste 25 åra. Det går fram av eit annonsebilag organisasjonen nyleg distribuerte med Dagens Næringsliv.

I summen er det lagt til grunn at det per 100 megawatt med installert effekt vert betalt 498 millionar kroner i selskapsskatt, som i hovudsak går til staten, og 4,9 millionar kroner i eigedomsskatt til kommunane, i løpet av 25 år.

Det vert òg lagt til grunn at det kjem til å verte bygd vindkraftverk med ein samla effekt på 4500 megawatt i femårsperioden, noko som inneber at det vert teke investeringsavgjerd for anlegg på til saman 500 megawatt meir enn det som er i drift eller under utbygging så langt, og at desse anlegga vert ferdigstilte innan utgangen av 2021. Det fortel Andreas Thon Aasheim, som er spesialrådgjevar i Norwea.

Interesse- og bransjeorganisasjonen har like fullt argumentert for ein naturressursskatt på vindkraft, for at meir av verdiane skal verte verande att i kommunane.

ØNSKJER NY MODELL

Ein naturressursskatt kan òg verte del av skattefordelingsmodellen Norwea og Energi Norge vil føreslå for Olje- og energidepartementet. Det stadfestar Eivind Heløe, som er direktør for fornybar energi i Energi Norge.

– Vi har ikkje kome fram til eit konkret forslag til modell enno, men vi er opptekne av at ein større del av verdiskapinga frå vindkraft må gå til kommunane, og at modellen må vere utforma på ein måte som er enkel å kommunisere til alle. I tillegg meiner vi ein ny skattemodell må gjelde framtidige vindkraftprosjekt og ikkje ha tilbakeverkande kraft, seier Heløe.

Naturressursskatt vert i dag rekna av gjennomsnittleg produsert kraft og har ein skattesats på 1,3 øre per kilowatttime. Av dette går 1,1 øre til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen.

Grunnrenteskatten, som kraftskatteutvalet òg har tilrådd regjeringa å vurdere for vindkraft, går til staten og har frå 2019 ein sats på 37 prosent. Heløe trur ikkje grunnrenteskatt for vindkrafta er relevant i denne omgangen.

– Vindkrafta vil ikkje tole det skattetrykket vasskrafta har i dag.

Det er alt mange vasskraftanlegg om ikkje kan ruste opp med skattetrykket dei har, seier Heløe.

– Ser de det som ønskeleg å auke den lokale eigarskapen til vindkrafta?

– Det har vi ikkje sett spesielt på. Det hadde kanskje vore ønskeleg, men spørsmålet er om det er noko vi kan gjere for å realisere det. Men det er òg i dag ope for lokale som vil investere i vindkraft, og det kunne vore betre kjent, seier han.

– Kva med kompensasjon for dei som får vindturbinar i nærområdet?

– Vi er ikkje imot det, men det bør i tilfellet inn i kompensasjonssystemet. Eg har full forståing for at desse miljøinngrepa pregar dei som bur i områda, og at dei ønskjer kompensasjon. Utgangspunktet vårt her er at vi er lei oss for det høge konfliktnivået som har oppstått rundt mange vindkraftverk. Sjølv sagt

er det ulike årsaker til motstanden, men eg trur ein fellesnemnar er ei oppleving av at det vert lagt att for lite økonomiske verdiar lokalt, seier Heløe.


– HEILT NAUDSYNT

Heløe trur ikkje motstanden mot vindkraft forsvinn sjølv om det vert lagt att meir pengar lokalt.

– Nei, men eg trur det alltid er balanserande på ordskiftet å vege openberre økonomiske oppsider mot miljømessige nedsider, seier han.

Nilsen ved NHH trur òg aksepten for vindkraft kjem til å auke, om fordelane lokalt vert større.

– Skal vi vere med på eit grønt skifte, og det meiner eg vi skal, er det òg heilt naudsynt med ei skattelovgjeving som gjev meir til kommunane. For det finst ingen grunn for kommunar til å seie ja til vindkraftutbygging i dag, seier han.



TIPS ein typisk DAG OG TID-lesar som ikkje les DAG OG TID om DAG OG TID.

Send SMS med kodeord
TYPISK til **59 44 48 40**

DAG OG TID